

Nytt anskaffingsregelverk

Dialogkonferanse busstjenester Romerike 2017

Kaja Breivik Furuseth, senioradvokat

Ruter #

Nye reglar frå 1.1.2017 – kva er nytt?

- Ny lov om offentlege anskaffingar
- (Ny forskrift om offentlege anskaffingar (FOA))
- Ny forsyningsforskrift

Ny lov om offentlege anskaffingar

Særleg fokus på miljø, menneskerettar og andre samfunnsomsyn

Samfunnsansvar § 5

- Ny bestemmelse om korleis samfunnsomsyn skal og kan bli ivaretatt i anskaffingsprosessen
 - Går lengre enn § 6 i den tidlegare lova
 - Miljø er særleg aktuelt for Ruter
- Ruter må innrette innkjøpspraksis slik at praksisen bidrar til å
 - Redusere skadeleg miljøpåverknad
 - Fremje klimavenlege løysingar der det er relevant
- Departementets rettleiar:
 - krav til utslepp ved transportanskaffingar er nemnd som eksempel
 - Oppdragsgjevaren avgjer sjølv når og korleis omsynet til miljø skal realiserast

Utval endringar i forsyningsforskrifta

Konkurransegrunnlag § 10-1

- Heile konkurransegrunnlaget må vere tilgjengeleg frå kunngjeringa
 - Bestemmelsen om kvalifikasjonsgrunnlag utgår
 - Oppdragsgjevarar kan ikke lenger arbeide parallelt med konkurransegrunnlaget i kvalifikasjonsfasen
 - Operatørane kan arbeide parallelt med tilbod og kvalifikasjonssøknad i kvalifikasjonsfasen
- Konkurransegrunnlaget skal som hovudregel vere elektronisk tilgjengeleg § 10-3
 - Ruter bruker EU-supply


Europeisk eigenerklæringsskjema «ESPD»

§ 20-7, jf. FOA § 17-1

- Dokumentasjonskrav
 - Introduserer system med eigenerklæringar
- Likt system i heile Europa
 - Eigen forordning om standardformular for eigenerklæringsskjema
- Førebels dokumentasjon på at
 - kvalifikasjonskrava er oppfylt
 - det ikkje ligg føre avvisningsgrunnar

Dokumentasjon av at kvalifikasjonskrav er oppfylt

- Før tildeling skal oppdragsgjevaren krevje oppdatert dokumentasjonsbevis fra den valde leverandøren
- Kan be om etterspurt dokumentasjon dersom det er nødvendig for å sikre riktig gjennomføring av konkurransen
 - Ruter kan kome til å innhente dokumentasjon før forhandlingane
- Sjå illustrasjon og rettleiing på DIFIs heimesider:
<https://www.anskaffelser.no/verktøy/espd-tjenesten-veiledning-bruk>



Oppdrags-giver

ESPD - et skjema i 3 trinn



Leverandør

- 1)
Lager
konkurranse
grunnlag og
ESPD-
forespørsel

Kunngjør konkurransegrunnlag inkl. ESPD-forespørsel

- 2)
Lager tilbud og
fyller ut ESPD-
erklæring

Sender tilbud inkl. ferdig utfylt ESPD-erklæring

- 3)
Sjekker
bevis
(og tildeler
kontrakt)



Vesentleg endring i kontraktar er ikkje tillate –

§ 24-2

- Ei endring er vesentleg dersom:
 - Endringa ville gjort det mogleg med
 - val av ein annan leverandør eller
 - deltaking av andre leverandører i konkurransen
 - Den økonomiske balansen blir endra i favør av leverandøren
 - Endringa fører til ei betydeleg utviding av omfanget av avtalen
- Oppdragsgjevaren kan seie opp kontrakten dersom det ligg føre ei vesentleg endring

Endringsklausul gjev større rom for endringar

– § 24-1

- Endringar i samsvar med ein endringsklausular i kontrakten - OK
 - Endringsklausulen må vere klar og presis, jf. § 15-1
 - Eks. opsjonar
 - Ei viktig oppgåve for Ruter i arbeidet med konkurransegrunnlaget